

# Detaljregulering for Rv. 41 Nes - Kyrkjebygda, Nissedal kommune

## Reguleringsføresegner

Plan ID: 2018003

Sist revidert: 06.03.2020

Forslagsstillar: Statens vegvesen Region sør

Det regulerte området er vist med reguleringsplangrense på plankart datert 06.03.2020

### 1

#### Hensikt med planen

Reguleringsføresegnene er ein del av forslag til detaljregulering for riksveg 41 i Nissedal kommune. Hovudmålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for utbetring av rv. 41 på strekninga langs Nisser mellom Treungen og Kyrkjebygda og få ein trygg og effektiv riksveg 41.

### 2 Fellesføresegner

#### 2.1 Generelt

Reguleringsplanen inneheld plankart og desse reguleringsføresegna. Plankartane har nummer R01, R02, R03, R04, R05, R06, R07, R08 og R09.

#### 2.2 Eigarform

Areal som er vist med eigarform o\_, er offentlege. Areal med eigarform f\_ er felles for fleire eigedomar. Areala som ikkje er vist med eigarform er private.

#### 2.3 Frisiktlinjer

Omfattar alle frisiktlinjer som ligg i reguleringsplanen. Primærvegens køyrebane, sett frå avkøyrsele, skal være synleg i hele sikktrekanten. Innan sikktrekanten skal eventuelle sikthindringer ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanelivå for primærvegen.

#### 2.5 Kulturarv

Om det viser seg først mens anlegget er i gang at det kan verka inn på automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnestyresmaktene avgjer snarast mogleg – og

seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunner tilseier det (jf. kulturminnelova § 8, andre ledd).

### **3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)**

#### **3.1 Køyreveggar**

Områdane f\_SKV1 – f\_SKV7 er felles for fleire eigedomar.

f\_SKV1 er felles for gnr/bnr: 19/2, 19/6, 19/7, 19/1

f\_SKV2 er felles for gnr/bnr: 19/3, 19/5

f\_SKV3 er felles for gnr/bnr: 19/3, 19/2, 19/20, 19/3/1

f\_SKV4 er felles for gnr/bnr: 16/10, 16/9

f\_SKV5 er felles for gnr/bnr: 18/9, 18/10, 18/1

f\_SKV6 er felles for gnr/bnr: 17/24, 17/18, 17/23, 17/35, 17/55, 17/10,21

f\_SKV7 er felles for gnr/bnr: 18/8, 18/6, 18/4, 18/7, 18/5, 18/317/11-12,18/21

f\_SKV8 er felles for gnr/bnr: 17/11-12,18/1

#### **3.2 Annan veggrunn - tekniske anlegg**

Områdane o\_SVT omfattar sideareal til vegen med skjeringar, fyllingar, grøfter og tekniske konstruksjonar som tilhøyrar vegen. Det kan førast opp murer, gjerder og installasjonar som er nødvendige for drift av veganlegget. Grøntareal skal arronderast, tilsås og plantast til med stadeigne artar. Fjellskjeringar vurderast av geolog og sikrast i samsvar med gjeldande krav.

## **4 Hensynsområder**

### **Hensynssoner (PBL. § 12-6, nr. 1)**

#### **4.1 Bevaring naturmiljø**

Områda H570 omfattast av hensynssone for bevaring av naturmiljø. Innenfor angitt hensynssone skal eksisterande kantvegetasjon og biologisk mangfald langs vegen ivaretakast i størst mogleg grad. Det tillatast mindre vesentlege terrengtiltak for framføring av vegen.

## **5 Bestemmelsesområder**

### **Bestemmelsesområde (PBL. § 12-7, nr. 1)**

#### **5.1 Anlegg- og riggområde #91**

Områdane disponerast til mellombelse rigg og anleggsområde og kan i anleggsperioden nyttast til anleggs- og riggområde, anleggsveg, massedeponi og mellomlagring av masser. Markeringa på plankartet av midlertidig anleggs- og riggområde fjernes når kommunen gjev vedtak om det. Områdene skal etter at anlegga er avslutta ryddast, settast i stand og tilbakeførast til tidlegare føremål.